

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 4/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr:

## GRUNNEIGARFONDET – SØKNAD FRÅ VASET OG V.SLIDRE REISELIVSLAG

Vaset og Vestre Slidre Reiselivslag søker om tilskot til gjennomføring av ulike tilretteleggingstiltak i området kring Vaset.

Følgjande tiltak er planlagt:

2 gapahukar	kr 40.000,-
3 rasteplassbenkar	kr 15.000,-
Opparbeiding av p-plassar	kr 50.000,-
Opparbeiding av gangveg	kr 30.000,-
Skilting/merking av turstigar	kr 29.500,-
Skiløypekart (1500 eks)	kr 23.800,-
Sumarkart (1500 eks)	kr 23.800,-
<u>Sum kostnader</u>	<u>kr 212.100,-</u>

Tiltaket er tenkt finansiert med kr 106.000,- i tilskot frå grunneigarfondet og resten med eigenkapital og dugnad frå reiselivslaget.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Statskog skriv at tiltak på allmenningsgrunn må godkjennast av fjellstyret og Statskog. Vidare skriv Statskog at det vel er vanleg at fjellstyret har ansvaret for installasjonar som gapahukar og rasteplassar i allmenningen. Statskog ber om fjellstyret sitt syn på dette.

### VEDTAK:

Fjellstyret ser svært positivt på tiltaka og tilrår at søkjaren får støtte frå grunneigarfondet.

Fjellstyret finn det naturleg at Vaset og Vestre Slidre reiselivslag sjølve står som ansvarlege for tiltaka, men fjellstyret ynskjer å bli teke tidleg med i prosessen ved val av lokalitetar og utforming av tiltak.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.04.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vaset og Vestre Slidre Reiselivslag  
Statskog